



## Valle Idrottslag

[www.valle-il.no](http://www.valle-il.no) | [post@valle-il.no](mailto:post@valle-il.no)

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

### Desse møte:

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Cecilie Haugen

Karianne Åkre

Gunnar Brottveit

Torleiv Harstad

Bjørgulv S. Lund

Elisabeth Spockeli

Lise Fosså

## 1) Referatsaker

### a. Treningstider for skuleåret 2016/2017

Elisabeth delte ut treningstidene for fotball med oppsett trenarar. Det manglar trenarar for 8-10 og 9-10. klasse, det må skaffast fleire frivillige.

Karetrimmen held på slik som i fjor, måndag, 20.00, systog.

Caroline Rysstad har sett opp timeplan for aktivitetar i møykjerrommet, denne er lagt ut på Valle IL si side på facebook.

Det er tenkt å nytte stipendiatar frå folkehøgskulen på møykjerrommet som skal rettleie ungdommen, det kan vere fordel å dele gutar og jenter, slik at fleire vil nytte tilbodet.

Det har kome spørsmål om trening for fleirkulturelle, det bør utarbeidast forslag om aktivitet og tidspunkt før ein tek dette vidare.

### b. Sprekleiken

Bjørgulv tek kontakt med Dag Otto Lauritsen for å høyre om han vil kome. Det må også undersøkast om jakt og fiske er med. Det er spurt om å dele dei ulike aktivitetane tidleg, men styret konkluderte med at det vil nok heller føre til at mindre påmeldte.

Det må lagast ei gruppe som arbeider med dette, Cecilie og Bjørgulv finn ut av dette.

Det må undersøkast om fotballgruppa skal ha basaren. Ein må også høyre med møykjeromgruppa om dei vil stå i kiosken.

Datoen som er sett til årets sprekleik er 29.oktober.

## 2) Endring av utbetalingstidspunkt for godtgjering til leiar, nestleiar og kasserar

Anne liv orientert med eige skriv. Styret tek dette til orientering.

Styret vedtok at betalingstidpunkt vert endra til desember.

### **3) Fastsette satsar for eventuell godtgjering av ungdommar som trenarar for barneidretten**

Ein har ikkje endeleg avgjort korleis ein skal gjennomføre barneidretten for skuleåret 2016/2017. Ein ønskjer å kunne bruke dei unge i idrettslaget på ein betre og meir konstruktiv måte, mellom anna som trenarar på barneidretten. Spørsmålet er om ein skal lønne dei, og i så fall kor mykje.

Det vert foreslege gåvekort på 1000 kr. lokalt eller gratis avgift på møykjerommet. Styret vedtok gåvekort eller gratis avgift på møykjerommet.

Dette tilbodet skal gjelde for alle.

Det er kome inn forslag om barneidrett for 4-åringar.

Det vert noko for stort sprang, styret vil ikkje gå inn for dette.

### **4) Fastsette satsar for kursing av trenarar**

Ein har mottatt ønskje frå trenarar om å reise på kurs. Dette er positivt. Idrettslaget må lage retningslinjer for dette, mellom anna om ein skal sette ei øvre grense for beløp kvar trenar kan ta kurs for, om ein skal dekke overnatting og reise og liknande. Eg er ikkje kjent med at vi har slike retningslinjer per i dag.

Kurset må vere til nytte for idrettslaget. Valle IL betaler kursavgift og reise etter ei vurdering, i nokre tilfelle overnatting dersom om ein ser det nødvendig. Det må sendast inn eit skriv om kva kurset går ut på, slik at ein kan vurdere behovet. Leiar kan innvilge opp til 5000 kr.

Dersom det er snakk om større avgifter må ein vurdere bindingstider.

Lise utformer eit skriv med retningslinjer.

### **5) Kven som skal få treningsdress frå Trimtex**

Trenarane skal få treningsdressen frå Trimtex gratis. Spørsmålet er om andre også bør få dress gratis?

Det vart vedteke at det er berre trenarar som får gratis treningsdress.

### **6) Bispeveg marsjen**

Anne Liv orientere styret om marsjen.

Vanlegvis vert overskottet delt med Fyresdal IL.

Det var sett opp to bussar til marsjen i år.

Marsjen gjekk fint, men det oppstod problem med skyssen for dei som skulle tilbake til Fyresdal.

Basert på erfaring ser ikkje styret at det er til fordel for Valle IL å samarbeide med Fyresdal. Styret vedtek å ikkje samarbeide med Fyresdal om bispeveg marsjen. Anne Liv kontaktar Fyresdal idrettslag og informerer om dette.

90 stk. gjennomførte marsjen i år.

## 7) Eventuelt

- Det har kome inn forslag om å etablere Frisbee golf. Dette kunne ein kanskje få til med eit samarbeid med Brokke. Cecilie tek dette vidare.
- Valle IL er meldt på mobiltelefonauksjonen, der me skal samle inn gamle telefonar. Elisabeth heng opp samleposer i sentrum. Lise i kommunehuset og banken. Det bør leggest ut info ut på bygdenytt. Anne Liv foreslår at Dreng kan henge opp samleposer på Rysstad.

Neste møtedato vert sett til tysdag 20.09.2016 klokka 18.00.

- Møtet slutt-

Lise Fosså - sekretær